



Fjell kommune

Rådmannen

Barne-, Likestillings- og Inkluderingsdepartementet

Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

2011/3150 - 4433/2012

Saksh. – tlf.

Wenke Sandvær - 55 09 71 69

Dato

01.03.2012

Høyringsuttale: Lovforslag om tydeliggjering av rettar ved foreldrepermisjon

Fjell kommune gjev med dette høyringsuttale på lovforslaget.

Høyringsuttalen skal også handsamast politisk av kommunen sitt politiske likestillings- og diskrimineringsutval i møte 6.mars. Det var ikkje mogleg å få utsett innsending av høyringsuttalen til 6.mars. Ein sender difor vurderingane som vert lagt fram for Likestillings- og diskrimineringsutvalet og tek atterhald om at drøftinga i utvalet kan leie til endra formuleringar.

Det som er i kursiv er klipt frå Høyringsbrevet og er difor på bokmål:

Departementet ønsker særlig at høringsinstansene gir tilbakemelding på følgende spørsmål:

Er det behov for å tydeliggjøre rettighetene i en egen lovbestemmelse?

I punkt 5 drøftes behovet for å lovfeste rettighetene. Forslaget er basert på at rettighetene allerede følger av gjeldende regler om vern mot kjønnsdiskriminering, men at det er behov for at rettighetene fremgår klarere av lovteksten.

I og med at det går fram av høyringsbrevet med vedlegg at dette alt er gjeldande rett ut frå Likestillingslova § 3, vert det inga endring av rettstilstanden verken for arbeidsgjevar eller arbeidstakar. I utgangspunktet meiner Fjell kommune det då ikkje bør vere naudsynt å spesialisere lovgrunnlaget for denne delen av diskrimineringsarbeidet ytterlegare.

Hvilke rettigheter bør lovfestes?

I punkt 7.1 drøftes hvilke rettigheter (aspekter av diskrimineringsvernet) som bør lovfestes.

Disse er ment å dekke de praktisk viktigste tilfellene av diskriminering på grunn av foreldrepermisjon utenom ansettelses- og oppsigelsestilfellene. Departementet vil gjerne ha tilbakemelding på om det er andre situasjoner der permisjonstakere utsettes for diskriminering og som derfor bør tas inn i lovbestemmelsen i stedet for eller i tillegg til de som er foreslått.

Så langt vi kan sjå, er oversikten over kva rettar som vert foreslått lovfesta, ganske uttømmande i høve til dei utfordringane ein møter i samband med foreldrepermisjon. Dersom det vert vurdert som naudsynt å presisere desse rettane i lov, har ikkje vi noko å føye til.

Hvordan vil den foreslåtte lovbestemmelsen fungere som veiledning til arbeidsgivere og arbeidstakere om rettigheter og plikter i ansettelsesforhold i tilknytning til permisjonen?
Forslaget til en ny lovbestemmelse er tatt inn i punkt 9.1. Hvordan lovteksten skal forstås og hvordan rettighetene skal avgrenses er forklart i punkt 9.2. Departementet vil gjerne ha tilbakemeldinger på hvordan rettighetene er foreslått formulert og avgrenset.

Dersom desse rettane skal presiserast i lov, synest det vedlagte forslaget til lovtekst som eit heile å vere ryddig og greitt formulert. Det er vanskeleg å seie noko heilt klårt om korleis heimelen vil fungere som rettleiar til arbeidsgjevar og arbeidstakarar, men klare formuleringar er eit godt grunnlag for å verte einige og unngå konflikhtar og diskriminering.

Heimelens bokstav c) kan ein gjerne vurdere presisert slik at det kjem klårare fram at det gjeld i samband med dei lønstingingane som alt er i verksemda. Denne lovheimelen må ikkje gje ein heimel til å krevje lønstingingar utanom dei som er heimla i tariffavtale og er heller ikkje meint slik, ut frå presiseringane i pkt 9.2.

Lovforarbeida i pkt 9.2 vil vere til stor hjelp i arbeidet for å unngå diskriminering i samband med foreldrepermisjon. Det er viktig at det, slik det er presisert i lovforarbeida, kjem fram at dette gjeld permisjonar etter kap 12 i Arbeidsmiljølova knytt til omsorg for barn. Det er og viktige presiseringar som ligg i at det vil vere situasjonar der arbeidstilhøva for ein som er i foreldrepermisjon kan endrast, der tilhøva i verksemda tilseier det. Vi opplever at presiseringane i pkt 9.2 på ein god måte gjev ei rettesnor for å vurdere om ei slik endring er sakleg grunnngjeven.

Med helsing

Wenke Sandvær
Personlrådgjevar